

Sve, gnr. 20 bnr. 1

med Sveaholen, Sjevollen og Vesl-Sve.



Av Knut Raastad, november 2023

Løpeno 25, gml. nr. 7.

Jordebok frå 1576 viser at Vågå prestbol da hadde 1 hud.

Brukaren i 1645 var Hans Sve. Hans Gundersen f.ca.1604 brukte i 1666 3 huder i Sve. I 1667 kjøpte sonen Gunder 2 huder i Sve frå kaptein Jacob Michelet. Likevel var det faren Hans som vart oppført i 1668, han brukte da 3 huder der prestbolet eigde 1 hud og brukaren 2 huder. Hans var gift med Bergete Olufsdotter sygard Sandnes og hadde 5 barn:

Gunder f.1640 d.før 1684, utpeikt til skysskaffar i 1664

Gulbrand f.1646, sonen Jon reiste odelssak i 1724

Jehans f.1652, neste brukar

Ole f.1653, til Stranden

Eldri



Sve med Kræmar-Sandbu i bakgrunnen. Foto frå Ivar Viste Flatum.

Det var skifte etter Hans Gundersen i 1684, og sonen Johannes fekk åsæte. Johannes Sve vart nemnd som brukar i 1711, han hadde dottera

Rønnaug d.1735, neste brukar

Rønnaug Johannesdotter Sve d.1735 var gift med Johannes Svendsen Mo f.ca.1673 d.1754, dei hadde dottera

Gunhild f.ca.1722 d.1786

Gunhild f.ca.1722 d.1786 var gift med Syver Jonsen Einarsvoll f.ca.1710 d.1795 son til Jon Johannessen Einarsvoll 1665-1754 og Torø Rasmusdr. Steinsgård f.ca.1675 d.1744. Gunhild og Syver hadde 4 barn:

Johannes 1739-1773, neste brukar

Torø f.1741 d.etter 1801, g.m. Jon Rasmussen Glimsdal/Øy f.ca.1727 d.etter 1801

Rønnaug f.1750, g.m. Jon Iversen Blessum s f.1747

Anne 1754-1845, g.m. klokkar Jakob Danielsen 1749-1815, til Sandbu n-n

Johannes Syversen Sve 1739-1773 var gift med Anne Rasmusdotter Glimsdal 1739-1776 dotter til Rasmus Jonsen Einarsvoll f.ca.1700 d.1768 og Ingrid Gundersdr. Sandnes s/Berge u f.ca.1694 d.1777. Johannes og Anne hadde 4 barn:

Syver 1762-1786, neste brukar

Ingri 1765-1824, g.m. Nils Rolvsen Skrinde 1756-1820

Rasmus f.1770, g.m. Anne Marie Jarmann 1771-1815

Gunhild 1771-1848, g.m. Ole Guttormsen Aasaaren Råstad 1760-1844

Syver Johannessen Sve 1762-1786 fekk i 1785 skjøte på Sve 3 huder frå syskjena sine for 666 rd. Det var skifte etter Syver i 1786-87. Syver var gift med Kari Tordsdotter Harildstad 1766-1862 dotter til Tor Hansen Tolstad 1736-1818 og Berte Syversdr. Aasaaren 1739-1772. Syver og Kari hadde 1 barn:

Anne 1786-1854, neste brukar

Kari Tordsdotter 1766-1862 gifta seg opp att i 1788 med Anders Iversen Blessum s 1751-1833 son til Iver Jonsen Blessum d.1762 og Marit Andersdr. Øy/Sunde f.ca.1723-1818. Kari og Anders 7 barn:

Syver 1789-1855, g.m. Tore Larsdr. Hovde f.1797, til Ryen

Marit 1792-1891, g.m. Peder Enersen Sandboe (Fron?)

Berte 1797-1879, ugift

Thor 1799-1873, g.m. Kari Olsdr. Sandbu s-n 1806-1896, på Kræmarsandbu

Ivar 1802-1880, g.m. Kari Amundsdr. Sandboe, (Fron?) 1802-1886, son Anders g.Rusnes Imbiør f.1805

Imbiør f.1812, g.m. Ola Amundsen Sandboe, (Fron?)

Anne Syversdotter Sve 1786-1854 vart 1801 gift med Pål Tordsen Romundgard 1780-1861 son til Tord Persen Sandbu 1729-1802 og Rønnaug Jonsdr. Garmo 1749-1829. Anne og Pål hadde 7 barn:

Gunhild 1803-1876, g.m. Ola Tjøstelsen Kleppe Haugøy 1791-1865
Syver 1808-1869, g.m. Anne Olsdr. Øyagarden f.1827. Til Sveaholen.
Rønnaug 1811-1881, ugift
Kari 1815-1816
Thor 1817-1871, ugift
Kari f.1820, g.m. Tobias Jørstad, dreiv landhandel på Sve
Pål 1824-1885, neste brukar

1854 var det kjøpekontrakt frå Pål Tordsen til sønnene Tord Paulsen og Paul Paulsen, kontrakta vart saman med skjøte tinglyst 1860. Skyldsetning 1859 delte garden i to like store delar, Tord Paulsen overtok løpeno 25 a og Paul Paulsen løpeno 25 b.

I 1865 var Tord Paulsen føderådsmann på Sve. Ein annan familie er oppgjeve på det som blir nemnd som Sve, men som ikkje var der Tord og broren Paul budde. I 1865 var Herman Olrik Hoelstad, Vestby 1807-1866 sakførar, gardbrukar og sjølveigar. Han var gift med Johanne Anette Nordby, Drøbak f.ca.1818. Dei to eldste barna vart fødde i Drøbak og dei andre i Vågå. I 1865 sådde dei 2 tønner bygg og 4 tønner poteter, medan dei hadde 1 hest, 3 kyr, 4 sauer og 1 svin. Dei hadde 5 barn:

Augusta f.ca.1849
Johan f.ca.1851
Marie Lovise f.1853
Jacob f.1856
Emilie Helene f.1859

Etter at Thor døydde i 1871 var det i 1875 skifteskjøte til broren Paul Paulsen Svee på l.no. 25 a 2500 spd., og dermed var det ein eigar att. Pål Pålsen Sve 1824-1885 vart 1854 gift med Barbra Jensdotter Tronhuus (Sørem) 1831-1911 dotter til Jens Jensen Tronhuus 1779-1845 og Marit Iversdr. Blessum 1803-1877. Pål og Barbra hadde 8 barn:

Anne 1854-1922, neste brukar
Pål 1856-1943, g.m. Marit Ivarsdr. Skjellum 1877-1958
Jens f.1860, til USA 1879
Marit 1862-1923, g.m. Anders Jakobsen Nettet Nuvstad 1846-1908. Til Laurgard.
Gunhild 1865-1945, g.m. Ola Torsen Kleppe s 1862-1925
Thor f.1867, til USA 1887
Iver 1870-1871
Ingrid f.1873

Pål hadde før ekteskapet dottera:

Anne 1852-1928, g.m. John Johnsen Strand ø 1854-1943, på Sandnes n

Anne Pålsson 1854-1922 vart 1882 gift med dyrlege Erik Johannessen Bjørndal 1834-1895 son til Johannes Halvorsen Bjørndal, Oppdal. E Bjørndal fekk i 1888 skjøte på Sve frå Paul P Sve med underskrift av Barbro Sve for kr 15000 og føderåd. Anne og Erik hadde 3 barn:

Johannes 1883-1908

Pål 1888-1945, neste brukar

Harald 1890-1980, seinare brukar

Pål Bjørndal 1888-1945 overtok etter mora, men grunnbokshjemmel vart ikkje tinglyst før 1945.

Harald Eriksen Bjørndal 1890-1980 overtok etter broren i 1945. Harald var gift med Marit Johannesdotter Sandbu n-n 1901-1996, dei hadde 2 barn:

Erik Johannes f.1937, neste brukar

Åse Ingebord f.1939

Erik Bjørndal overtok etter foreldra i 1954. Han vart 1964 gift med Aud Stokstad f.1942 dotter til Sigurd Stokstad og Marie Andvord. Erik og Aud har 5 barn:

Harald f.1964, neste brukar

Maria f.1965, g.m. Peer Kleiven

Svein Erik f.1967, g.m. May Britt Øvre

Anne Marit f.1969, g.m. Thor Ekre

Pål f.1971

Harald Sve Bjørndal overtok i 1997, han vart 1997 gift med Line Hanslin f.1968 dotter til Oddmund Hanslin f.1936 og Oddbjørg Haugen, Gausdal f.1943. Harald og Line har 4 barn:

Erik f.1993

Johanne f.1995

Ola

Tor

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slektene på Einarsvoll, Tolstad

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister

Sveaholen

Syver Pålsson Sve 1808-1869 var gardguten på Sve. Han var son til Pål Tordsen Romundgard 1780-1861 og Anne Syversdotter Sve 1786-1854. Syver vart 1854 gift med Anne Olsdotter Øyagarden 1827-1893 dotter til Ole Olsen Øyagarden. I 1865 var Syver Paulsen føderådsmann med jord på Sveholen. Ved barnefødsalar frå 1856 vart han også nemnd som

føderådsmann, truleg hadde han føderåd frå Sve. I 1875 var Anne enkja og føderådskone med jordveg. Syver og Anne 7 barn:

Johannes f.1850

Rønnaug 1852-1934, neste brukar

Paul f.1856

Thor f.1858

Anne 1861-1950, g.m. Ole Olsen Skomakerstuen Svareeie 1857-1940. Til Gaardsvolden.

Tosten f.1863

Marit 1866-1866

Rønnaug vart 1873 gift med Ole Johannesen Øiseie Ødegaarden. I 1900 var Ole Sveaholen 1847-1926 husmann med jord. Også i 1910 og 1920 var Ole Johannesen og Rønnaug Sveaholen husmannsfolk. Rønnaug døydde som enkje I Sveaholen i 1934. Ole og Rønnaug hadde 2 barn:

Johannes f.1873, g.m. Ingeborg Mikkelsdtr. Almseie, Tingelstad f.1882

Syver f.1882

Harald Eriksen Bjørndal 1890-1980 på Sve var gift med Marit Johannesdotter Sandbu n-n 1901-1996. Om lag 1936 bygde Harald og Marit til seg i Sveaholen og budde der. Harald overtok Sve etter broren Pål i 1945 og dei flytta dit. Bustaden i Sveaholen vart i mange år utleigd. Harald og Marit hadde 2 barn:

Erik Johannes f.1937, g.m. Aud Stokstad f.1942

Åse Ingebord f.1939

Sveaholen bustadfelt gnr. 20 bnr. 17 på ca. 61,5 da vart frådelt frå Sve gnr. 20 bnr. 1 i 1979 med skjøte frå Erik Sve Bjørndal til Vågå kommune. Fleire parsellar frå Krokum, Kræmarsandbu mm. vart samanføyd med gnr. 20 bnr. 17 i 1980.

Dei fleste tomtene vart frådelt og selde i åra 1980-1985, men også seinare er det frådelt tomter.

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Harald Sve Bjørndal

Svevolden

Erik Svee Volden hadde 1 son

Ole f.1749,

Kanskje var han også far til

Gunhild f.ca.1736

I liste over husmannspenger til kyrkja vart Ole Eriksen nemnd i 1777, 1778 og 1779. I 1780 og 1781 vart nemnd Ole Knutsen, men det kan vera feilskrift. I 1782 vart han nemnd som Ole Volden. Ole vart 1776 gift med Imbjør Jonsdotter, dei hadde 1 barn:

Marit f.1787

Gunhild Eriksdotter f.1736 vart 1768 gift med Iver Jonsen f.ca.1733. I 1801 var dei inderstar på Sve. Iver og Gunhild hadde 2 barn:

Jon f.1768

Erik f.1772, neste brukar

Erik Iversen vart 1798 gift med Marit Knutsdotter f.ca.1773 d.1824. Erik var i 1801 husmann med jord på Sve, og han vart nemnd i liste over husmannspenger til kyrkja i 1805, 1824 og 1833. Marit vart nemnd som Sveeie da ho døydde i 1824. Erik og Marit hadde 7 barn:

Jon f.1798, neste brukar

Ingri f.1801

Iver f.1804, g.m. Kari Pedersdr. Øyseie f.ca.1802. Til nørðre Skottlien.

Knut 1807-1807

Gunild f.1810

Knut f.1813

Mari f.1816

Jon f.1798 vart 1828 gift med Kari Iversdr. Blessemeie/Sæta (fødd Sandbu u-n) 1802-1856, dotter til Iver Iversen Sandbu upp. nord 1769-1847 og Torø Larsdr. Øy Haugøy f.ca.1773 d.1863. I 1830 var Jon og Kari på Sveeie. Jon og Kari hadde 2 barn:

Marit 1828-1828

Erik f.1830-1911 g.m. Hanna Martine Hansdotter, Ibestad 1841-1918. Til Gratangen

Folketeljinga 1865 viser at Hans Hansen Olsenstuen f.ca.1823 var husmann med jord. Hans Hansen Øyseie 1823-1878 var son til Hans Hansen Sandbueie. Hans f.1823 vart 1854 gift med Anne Pedersdotter f.1831 dotter til Peder Olsen Øyseie. Ved barnefødsler var det berre i 1865 at familien var på Svevolden, tidlegare var dei husmannsfolk på Øyseie. I 1875 var familien i Sandbuslykkja. Hans og Anne hadde 4 barn:

Anne f.1855

Hans f.1859

Ole 1865-1867

Mari f.1868

Kjelder:

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker

Sve nørðre – Vesl-Sve

I 1877 vart Øyteigen l.nr. 26 c og 27 b frådelt frå Øy søre og nedre gnr. 21 bnr. 1 med skjøte i 1878 frå Simen Øy til sakfører Krohg for kr 400,-. Dette vart samanføynd til eit bruk med l.nr. 25 d. Sve nordre l.nr. 25 d, gnr. 20 bnr. 2 vart i 1877 frådelt frå Sve gnr. 20 bnr. 1 med skjøte i 1878 frå Poul P Sve til sakfører Krohg for kr 5220,-. Jens Christian Krogh 1848-1905 var son til Gabriel Hofgaard Krogh 1805-1871 og Maren Dorothea Berle 1818-1865. Jens Christian vart 1876 gift med Imbiør Eriksdotter Kvarberg u. 1855-1919 dotter til Erik Øysteinsen Kvarberg u. 1801-1889 og Ragnhild Johannesdtr. Einarsvoll 1827-1903. Krohg kjøpte sygard Blessom i 1898. Jens Christian og Imbiør hadde 4 barn:

Christian Gabriel 1877-1878

Christian Gabriel f.1880, til USA

Ragnhild f.1882 d.ca.1945, g.m. Sverre Tuxen Langballe Hartman 1876-1918, til USA

Sophie Dorothea 1884-1963, g.m. o.r.sakfører Halvdan Gude Furu 1882-1961. Blessom.

I 1881 var det skjøte på nördre Sve frå sakfører Krohg til lensmann Edvard Listad for kr 6000,-. Lensmann Edvard Listad, Lillehammer f.1843 overtok nedre Øy truleg i 1889.

I 1890 var det skjøte frå lensmann E Listad til frøken Hanna Walle for kr 5800,-. Hanna Valle, Fellese 1852-1920 var dotter lensmann Hans Olsen Walle, Toten 1808-1880 og Kari Olsdtr. Fellese 1810-1886.

Hanna Valle selde i 1901 nördre Sve til systerdottera Karen Valle for kr 2000,-. Karen Marie Walle f.1877-1920 var dotter til Ole Jonsen Blessom s. 1846-1913 og Caroline Hansdtr. Valle, Fellese 1845-1902. Karen var gift med Simen Wolrath Andersen 1877-1939. Karen og Simen hadde 1 barn:

Kari Walle Wolrath f.1909.

Overrettssakfører Oscar Morgenstjerne overtok i 1902 med skjøte frå Karen Walle for kr 5714,-. I 1900 budde den ugifte sakføraren på Sve. Oscar Fredrik Jacob von Munthe af Morgenstjerne, Hetland/Stavanger 1873-1911 var son til amtmann Vilhelm Herman Ludvig von Munthe af Morgenstjerne, Christiania f.1814 og Caroline Ottillia, Larvik f.1839. Oscar vart 1901 med Sigrid Einersen, Grimstad f.1876 dotter til Jens Emil Einersen. Sigrid vart gift på nytt med Simen Wolrath. Oscar og Sigrid hadde 1 barn:

Mari Emilie f.1904

I 1918 var det auksjonsskjøte til overrettssagfører Paul N Olsen for kr 24000,-. I 1900 budde sakfører Paul Nicolay Olsen 1867-1931 på Kræmar-Sandbu, han var son til Marit Sve 1841-1915 og Hans Augustins Hysing Olsen 1837-1901. Paul vart 1894 gift med Dikka Holmboe 1868-1941 dotter til presten Iver Gerhard Holmboe f.1837 og Erasmie Johanne f.1837. Paul og Dikka hadde 4 barn:

Hans 1896-1959

Mina 1900-1999, g.m. Ludvik Jørgen Viken

Marit 1905-1987, g.m. Ivar Grev 1901-1988

Ragnhild f.1911, neste eigar

Enkja Dikka Olsen døydde i 1941, og heimelsovergang vart notert i 1947 til arvingane. Ragnhild Urbye overtok frå medarvingane i 1947 med skjøte for kr 30000,-. Ragnhild f.1911 var gift med Christen Urbye 1905-1985.

Harald Bjørklund f.1923 kjøpte eiedommen i 1959. Harald var son til Aksel Hanson Bjørklund, Uddevalla Sverige f.1888 og Anna Ulsen f.1900. Harald vart 1955 gift med Maria Skjellum f.1931 dotter til Johannes Skjellum f.1897 og Ragnhild Holsløyken f.1903. Harald og Maria hadde 3 barn:

Don Boyd f.1951

Aksel Johnny 1955-1975

Helen f.1960, neste eigar

Helen var gift med Morten Wangen, dei har 3 barn:

Ingvild f.1978

Hallvard f.1981

Gaute f.1983

Snertinn gnr. 20 bnr. 7 Vågåvegen 17 vart frådelt i 1959 med skjøte frå Harald Bjørklund til Øystein Kvam. Barna overtok med skjøte i 1977 til Synnøve Berglund f.1944, Erik Kvam f.1948 og Reidar Kvam f.1948. Erik Kvam overtok alt i 1984.

Midttun gnr. 20 bnr. 8 Vågåvegen 15 vart frådelt i 1959 med skjøte frå Harald Bjørklund til Sigurd Hølmo.

Sveheim gnr. 20 bnr. 9 Vågåvegen 13 vart frådelt i 1959 med skjøte frå Harald Bjørklund til Jørgen Øvre for kr 2595,-. I 1962 var det skjøte frå Jørgen Øvre til Magne P Bråten 1933-1989 for kr 3150,-. I 1990 var det heimelsovergang til enkja Kitti Marie Bråten f.1937 og barna Torbjørn Bråten f.1959, Liv Berit Bråten Haugen f.1962, Kjell Morten Bråten f.1965 og Anne Marete Bråten f.1971. Kitti Bråten fekk same tidspunkt skjøte på eiedommen.

Kjelder:

Pål Øystein Kvarberg, 2000: Slekter i Vågå og Lom, slektene på Einarsvoll, Tolstad

Norske gardsbruk 1953-1997

Opplandsarkivet Vågå: familieark, avskrifter pantebøker mm.

Digitalarkivet: panteregister, folketeljingar, kyrkjebøker mm.

Dag Valde Aasheim